

920755070

SELLEVOLL KULTUR OG LANDSKAPSPLEIE

Mobilnummer

917 31 491

E-postadresse

claus.sellevoll@gmail.com

Kontonummer **** * 87631

Vedtaksdato

16.11.2023

Vedtaket er gjort av

Alver kommune

Søknadsdato

31.07.2022

Vår referanse

2022/5834, Agros 193862

Vedtak om avslag på søknad om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket – Restaurering av torvhusa i Veneset

Samandrag: Alver kommune har vedtatt å avslå søknaden.

Alver kommune viser til søknad av 31.07.2022.

Bakgrunn i saka

SELLEVOLL KULTUR OG LANDSKAPSPLEIE søkte om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket 31.07.2022. Du søkjer om totalt 250 000 kroner i tilskot for tiltak perioden 01.12.2022-01.12.2023. Totalt kostnadsoverslag for tiltaket har du utrekna til 657 809 kroner.

Søkjar vil restaurera fire gamle torvhus i Veneset (Sellevoll) på GNR 147/3 som vist på kart som ligg ved søknaden. Arbeidet forbunden med restaurering inneber:

- 1) Vegetasjonsrydding (vert utført på førehand).
- 2) Rydding i stein og massar i og omkring bygningane.
- 3) Demontering av skadde parti, sortering og deponering av stein.
- 4) Tiltak i grunn og fundament. Her er det pårekna at ein i all hovudsak kan mura på dei grunnsteinane som er og gå ut ifrå at dei ligg stabilt. Berre mindre tiltak trengst.
- 5) Oppattmuring av dei skadde partia og justering av høgder.
- 6) Tilpassingar i murkrona i samråd med tømrrar (etter behov).
- 7) Saltak, pulttak, frontvegg og dør.
- 8) Taktekking.

Grunngjeving for vedtaket

Føremålet med tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket er å fremje natur- og kulturminneverdiane i kulturlandskapet i jordbruket og redusere forureininga frå jordbruket, utover det som kan ventast gjennom vanleg jordbruksdrift, jf. [forskrift om spesielle miljøtiltak i jordbruket](#) (SMIL-forskrifta) § 1.

Ein kan innvilge tilskot til føretak der det går føre seg ein produksjon med rett til tilskot på eigedommen, og som oppfyller vilkåra i forskrift av 19. desember 2014 nr. 1817 om produksjonstilskudd og avløsertilskudd i jordbruket § 2, og § 3 eller § 4.

Søkaren må også oppfylle vilkår i forskrift av 1. juli 1999 nr. 791 om gjødslingsplanlegging. Det skal også forast journal over plantevernmiddel som blir brukte, med opplysningar som nemnt i SMIL-forskrifta § 3 tredje ledd.

Vurdering

Søkjær har sendt søknad for same tiltak i 2022 og 2023. Søknad frå 2022 vart send etter fristen for 2022. Innan saksbehandlingsperiode for ny søknadsrunde gjekk ut, har søkjær sendt søknad for same tiltak men med meir informasjon (t.d. auka utgifter og auka eksterne midlar). Landbruksavdelinga har derfor valt å avslå søknaden frå 2022 for heller å behandla den seinaste søknaden frå 2023. Venlegst sjå vedtaksbrev for sak med Agros nr. 245132.

Klagerett

Du kan klage på dette vedtaket til Statsforvalteren i Vestland. Send klaga til Alver kommune. Vi vil sende saka vidare til Statsforvalteren i Vestland dersom vi ikkje gjer om vedtaket. Klagefristen er tre veker etter at du har motteke dette brevet, jf. forvaltingslova § 29. Du kan òg be om å få sjå dokumenta i saka, jf. forvaltingslova § 18 og § 19.

Meir informasjon

På [nettsidene til Landbruksdirektoratet](#) kan du finne meir informasjon om spesielle miljøtiltak i jordbruket.

Med helsing
Alver kommune

Saksbehandla av: Victoria Grape
Godkjend av: Laila Bjørge